

Veteranane Bjørgulv og Gunnvald har spela på 71 og 69 nasjonaldagar.

17.05.2020



Ingen har vore med på så mange 17. mai spelinger som Bjørgulv Eik og Gunnvald Friheim.

**Nasjonaldag utan korpsmusikk er nærmest utenkeleg for oss. No har vi nett lagt bak oss ei flott markering i Uskedalen etter at årets 17.mai-komite hadde gjort ein glimrande jobb. Korpsmusikk vart det og! Dei yngste imponerte stort med gode framføringer, og i den andre enden av aldersskalaen er det nokre karar som kan sjå tilbake på særdeles mange 17.mai-spelinger.**

Bjørgulv Eik (snart 88 år) og Gunnvald Friheim(83) kan til saman sjå tilbake på 140 nasjonaldagar med speling. Bjørgulv deltok for første gong i 1949. Etter det har det kun vore ei nasjonaldagsfeiring i Uskedalen utan at Bjørgulv har bidrige med kornett- eller trompettonar. Det var det året han var i militæret.

Gunnvald debuterte svært ung året etter Bjørgulv, i 1950 nett fylt 13 år. Etter det har han spelt kvar 17.mai med unnatak av to år. Det første av desse, var han i militæret medan han siste gongen var opptatt med å følgja opp den vesle son sin, Oddbjørn, då kona vart opptatt med andre ting. Dei fleste gongene har Gunnvald spelt i Uskedalen, nokre år har spelinga vore med Rosendal musikklag, men fleire av åra har han også spela med korpsa i begge bygdene. Medan Bjørgulv heile tida har vore trufast mot kornetten(trompeten), har Gunnvald vore innom mest alt av instrument i eit brassband. Einaste han ikkje har spelt, er småtromme og ess-kornett, og kven hugsar vel ikkje då han trakerte stortromma med køller i begge hendene på Stemnepllassen?

Det var travle nasjonaldagar for dei to superveteranane. Tidlegare var det vanleg at dei spelte både i 2 og 3 bygder kvart år. Såleis kan dei ramsa opp at dei har spela på Valen, Sunde, Husnes, i Matre, Herøysundet og Omvikdalen på 17.mai. Marsjspeling i toga og spelingar av nasjonalsongar var alltid programmet. Til å bli sliten av!! Men ikkje nok med det! Dei to var også svært sentrale i skodespela som alltid var program på den årlege festen om kvelden i Helgheim.

Uskedal ungdomslag hadde ei særdeles aktiv teatergruppe som vart lagt merke til på landsplan. Kvart år hadde dei mange forestillingar, og det var fast at skodespel stod på programmet 17.mai-kvelden. Bjørgulv Eik og Gunnvald Friheim var alltid bankers på rollelista. Gunnvald kan fortelja at ein del år køyrdde dei først ei barneforestilling og så ein ny runde på sjølve festen. Då Bjørgulv overtok mjølkstellet på heimegarden, vart det ikkje tid til det, og dei måtte kutta ned til ei framføring. Vi veit jo og at kona til Bjørgulv, Margit Eik, var svært så sentral både på scenen og når det galt mjølkinga!

Dei må jammen ha vore slitne etter 17.mai-feiringa før i tida!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kristian Bringedal.